

# Årsmelding 2016



## VESTLANDSFORSKING

Vestlandsforskning er eit forskingsinstitutt som utfører forsking- og utviklingsoppdrag for næringsliv og offentleg sektor. Ved instituttet er det om lag 30 tilsette som arbeider med forsking innan klima, miljø, reiseliv og teknologi og samfunn. Vi utfører tverrfagleg bruksretta forsking, og vi er på den regionale, nasjonale og internasjonale FoU-arenaen. Årsomsetnaden er om lag 25 mill. kr. Vi held til på Fosshaugane Campus i Sogndal i Sogn og Fjordane.

### Overordna mål

Vestlandsforskning skal vere eit regionalt forankra forskingsinstitutt på den nasjonale og internasjonale FoU-arenaen. Vi leverer kunnskap som møter samfunnsutfordringar og bidreg til innovasjon og berekraftig utvikling.

### Visjon

Kunnskap for eit ope og berekraftig samfunn

### Verdigrunnlag

Vidsynt: Vi er i fagleg front, engasjerte, nysgjerrige, kreative, nyttar ulike fagdisiplinar og er opne for ulike perspektiv

Ansvarleg: Vi utfører forsking på høgt internasjonalt nivå som er relevant for oppdragsgjevarane

Samarbeidsvillig: Vi er opne i møte med andre og vi opptekne av å bidra til gode løysingar

### Finansiering

Prosjektinntektene finansierer den ordinære drifta i Vestlandsforskning. Tilskot i form av grunnløyvingar blir nytta til fagleg utvikling, kvalitetssikring, nettverksbygging og prosjektutvikling. Ved etableringa av stiftinga 13. mars 1984 av Sogn og Fjordane fylkeskommune gjekk fylkeskommunen, Kommunaldepartementet og 62 bankar, bedrifter, kommunar og organisasjonar i fylket inn med eit grunnfond på 4 mill. kr.


### Organisering

Instituttet er organisert som stifting og blir leia av eit styre samansett av sju medlemer. Sogn og Fjordane fylkeskommune vel fleirtalet av desse, medan Norges Forskningsråd vel eitt medlem. Styreleiar er Trude Brosvik. Den daglege leiinga av instituttet blir ivaretatt av direktøren. Merete Lunde er tilsett som direktør. Forskingsområda er organiserte tematisk og leia av forskingsleiarar og administrative gruppeleiarar.

### Kvalitetssikring

Kvalitetssikring skjer gjennom fagleg rettleiing og kontroll, og ved eit eige internt system for kvalitetssikring av prosjektgjennomføringa.

## Organisering



## Forskningsområde

Forskarmiljøet ved instituttet har fleirfagleg samansetting med tyngda i samfunnsfag og innsikt i tekniske- og økonomiske fag. Arbeidet skjer både innanfor og på tvers av faggrupper.

### TEKNOLOGI OG SAMFUNN

- Innovasjon
- Velferdsteknologi
- Digitalisering
- Semantiske teknologiar og stordata

### KLIMA OG MILJØ

- Klimaomstilling
- Energi
- Transport
- Miljøvenleg næringsliv

### REISELIV

- Lokal verdiskaping
- Ny teknologi
- Berekraftig reiseliv

Vestlandsforskning, Postboks 163, 6851 Sogndal

Telefon 906 33 600

E-post: [post@vestforsk.no](mailto:post@vestforsk.no) - Internett: [www.vestforsk.no](http://www.vestforsk.no)

# Årsmelding 2016 - Vestlandsforskning

## Oppdrag

Det vart arbeidd med 75 prosjekt i 2016. Oppdraga fordelte seg slik etter storleik:

Prosjektstorleik i kroner (totalt)	Tal prosjekt	Del av omsetninga i % i 2016
0-500	39	13
501-2000	19	23
2001-5000	13	38
<5000	4	26

Mange av forskingsprosjekta går over fleire år og blir ofte utført i samarbeid med andre FoU-miljø, andre fagmiljø og oppdragsgjevarar både i regionen, i landet elles og internasjonalt.

## Omsetnad og finansiering

Omsetnaden i 2016 var på om lag 26,8 mill. kroner. Grunnløyving frå Noregs Forskingsråd utgjorde 15% av inntektene, grunnløyving frå fylkeskommunen 3% av inntektene, medan 82% var oppdragsinntekter.

Oppdraga fordeler seg slik etter oppdragsgjevar/finansieringskjelde (i prosent) dei siste åra:

	2016	2015	2014	2013
EU/utland	18	20	14	6
Forskingsråd/RFF	35	21	20	19
Kommune/fk.kom	30	36	37	38
Statsforvaltninga	13	14	15	19
Næringsliv og org.	4	9	14	18

Oversikten viser omsetnad etter oppdragsgjevarar, men gir ikkje eit bilete av kva brukarar eller tema prosjekta er retta mot. EU-kommisjonen, forskingsråd og statsforvaltninga er oppdragsgjevarar for ei rekkje prosjekt retta mot næringslivet og kommunesektoren.

## Kommunar og næringsliv

Næringslivet medverka i 24 av prosjekta ved instituttet i 2016. Verksemdene er frå ulike bransjar og i alle storleikar, frå einmannsbedrifter til større verksemdar i landet.

I 21 av prosjekta under arbeid i 2016 var kommunar frå alle deler av landet deltakarar på ulike vis. I nokre prosjekt er kommunane oppdragsgjevarar, i andre er dei kjelde for primærdata eller utprøvkommune.

## Regionalt samarbeid

Det regionale samarbeidet består av kunnskapssamarbeid av ulike slag, med næringslivet ved enkeltbedrifter og samanslutningar som NCE Tourism, NHO, LO og andre organisasjonar. Andre viktige samarbeidspartnarar i regionen er fylkeskommunen, fylkesmannen, Innovasjon Noreg, Helse Førde, DIFI, KS, enkeltkommunar og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Samarbeidet har mange former, som t.d. bilateralt samarbeid med enkeltbedrifter eller samarbeid med ei gruppe bedrifter i ein bransje, samt at vi har kunnskapssamarbeid på tvers av private bedrifter og offentlege verksemdar. Det Forskningsrådsfinansierte VRI-programmet har karakter av partnerskap, der partane i arbeidslivet og enkeltbedrifter saman med verkemiddelapparat og forskingsmiljø samarbeider om forskning og innovasjon i regionen.

Regionalt Forskningsfond Vestlandet (RFF-V) har også i 2016 vore viktig for utvikling og finansiering av forskingsprosjekt på regionalt relevante tema, samt for stimulering av regionalt samarbeid mellom forskingsmiljø og mellom forskingsmiljø og private og offentlege verksemdar. Fylkeskommunen og RFF-Vest er viktige aktørar for utvikling av Vestlandsforskning si regionale rolle.

Instituttet si rolle som regional utviklingsaktør og partner i innovasjonsarbeid går parallelt med rolla som tilbydar overfor oppdragsgjevarar i regionen.

# Årsmelding 2016 - Vestlandsforsking

## Internasjonalt samarbeid

Vestlandsforsking vektlegg internasjonalt arbeid. I 2016 var 17 av prosjekta eit samarbeid med forskarar i andre land i Europa. Desse prosjekta er gjerne større prosjekt som går over fleire år.

Forskarar frå instituttet heldt 13 foredrag på internasjonale konferansar/seminar i 10 land i 2016.

## Publisering, formidling og informasjon

Tilsette ved Vestlandsforsking har i 2016 vore redaktør og medforfattarar av artiklar i to bøker utgitt på vitenskapleg forlag. I tillegg har ein av våre tilsette gitt ut ein vitenskapleg monografi. Det er publisert 13 vitenskaplege artiklar i bøker og 18 artiklar i vitenskaplege tidsskrift med referee.

Det er gitt ut 12 VF-rapportar og notat i 2016. Forskarane har halde 64 foredrag, inkl. framlagde paper og foredrag utgitt i konferanserapportar. I tillegg er det publisert 2 artiklar i fagtidsskrift, 16 kronikkar/innlegg i ulike media. Vestlandsforsking var arrangør/medarrangør av 6 heildagskonferansar og i tillegg er det arrangert kortare seminar om ulike tema.

Publisering	2016	2015	2014	2013
Vitenskaplege artiklar/bøker med referee	31	31	22	24
VF publikasjonar	12	16	23	17
Foredrag/undervisning/paper	64	75	57	56
Artiklar i bøker/tidsskrift	2	2	5	4

## Personale og kompetanseutvikling

Det vart utført 23,4 årsverk ved instituttet i 2016. Ved utgangen av året hadde instituttet 29 tilsette, 26 forskarar og 3 administrativt tilsette.

Ved utgangen av 2016 var det 12 tilsette med hovudstilling ved instituttet med doktorgrad. Tre av desse med professorkompetanse. To personar arbeider med doktorgrad. Ei bistilling er knytt til instituttet. Vestlandsforsking legg vekt på å auke andelen forskarar med PhD ved instituttet og legg til rette for at forskarar kan ta doktorgradsutdanning under arbeid ved instituttet.

Kvinner utgjer 37% av forskarstaben. Samla i instituttet utgjer kvinner 45% av staben. Det er eit mål å legge til rette for at ein kan kombinere forskarkarriere ved instituttet med familieliv på ein god måte.

Det er i 2016 gjennomført ei rekkje internprosjekt, seminar og andre aktivitetar som ledd i instituttet sitt eige utviklingsarbeid. Desse har både fagleg karakter og karakter av system- og instituttutvikling.

## Miljøfyrtårnsbedrift

Vestlandsforsking har i fleire år arbeidd målretta med å redusere miljøulempene ved instituttet på prioriterte område i drifta. På kontorsida er tiltak som tosidig print, miljøvennlege innkjøp, energisparing, avfallssortering mm innført. Klimagassutslepp ved reising er den største miljøutfordringa for instituttet, og difor er bruk av videokonferansar ei viktig satsing.

Vestlandsforsking skal vere synleg og tilgjengeleg for oppdragsgjevarar og samarbeidspartar. Bruken av videokonferansar og streaming av større møte er tatt i bruk for å redusere reiseaktiviteten ved Vestlandsforsking og våre samarbeidspartar, og vi arbeider for å auke bruken av slike løysingar. I 2015 blei det gjennomført ca. 150 videokonferansar ved Vestlandsforsking.



# Årsmelding 2016 - Vestlandsforskning

## Oversikt – Flyreiser

		2016	2015	2014	2013
Tal reiser pr år	Utland	97	112	79	129
	Innland	232	220	244	230
Tal reiser pr årsverk pr år	Utland	4,1	4,7	3,4	5,4
	Innland	9,9	9,5	10,5	9,7
Flyreise km pr årsverk	Utland	5343	8897	4950	8248
	Innland	2656	2478	3627	2638
Totalt utslepp CO <sub>2</sub> ekvivalentar		36 tonn	48 tonn	38 tonn	47 tonn

## Strategi 2016 – 2020

Vestlandsforskning vedtok strategi for perioden 2016 – 2020. Strategien består av eit hovudmål og sju delmål med tilhøyrande måltal/nivå og tiltak.

### Hovudmål:

Vestlandsforskning skal vere eit regionalt forankra forskingsinstitutt på den nasjonale og internasjonale FoU-arenaen. Vi leverer kunnskap som møter samfunnsutfordringar og bidreg til innovasjon og berekraftig utvikling.

Hovudmålet skal realiserast gjennom følgjande sju komplementære delmål:

- 1. Relevans.** Vestlandsforskning skal drive forskning på felt av interesse for næringsliv, forvaltning eller samfunnsliv, og gje tydelege bidrag til å løyse utfordringane knytt til samfunn og innovasjon.
- 2. Kvalitet.** God fagleg og vitskapeleg kompetanse uttrykt ved publisering og god uttelling på prosjektsøknadar
- 3. Sterkt fagmiljø.** Vi skal ha sterke fagmiljø på dei prioriterte fagområda som posisjonerer oss både på den regionale, nasjonale og internasjonale forskingsarenaen og ha reell kompetansebygging i eit tilstrekkeleg stort tverrfagleg miljø. Instituttet skal vere økonomisk robust.
- 4. Mangfald.** Ha fleire finansieringskjelder, både regionale, nasjonale og internasjonale, og ha god balanse mellom små og store oppdrag, både med langsiktig og kortsiktig perspektiv.
- 5. Samarbeid.** Vi skal dekke eit regionalt og nasjonalt behov og inngå i hensiktsmessig arbeidsdeling med andre nasjonale og internasjonale FoU-miljø innanfor våre forskingsområde. Vi skal vere føretrekte partner på utvalde område.
- 6. Attraktiv.** Vere ein attraktivt arbeidsstad i et innovativt og utviklande tverrfagleg miljø, der medarbeidarane kjenner tilhøyrighet og er stolte av Vestlandsforskning.
- 7. Formidling.** Drive forskingsformidling som gir læring og effektar, ha god dialog med relevante grupper, vere synleg og ha godt omdømme regionalt, nasjonalt og internasjonalt, og vere ein ettertrakta samarbeidspartner.

Strategiane er styrande for årleg budsjettprioritering og skal vere gjenkjenneleg i alle delar av verksemda.

## STYRE OG LEIING

### Styret

Trude Brosvik, styreleiar  
Nils P. Støyva, nestleiar  
Oddgeir Osland  
Yngve Hallèn  
Solveig Willis  
Arve Sandal  
Halvor Dannevig

### Varamedlemer

Sigurd Reksnes  
Marit Tennø  
Svein Ove Slinde  
Erik Kyrkjebø  
Olaug Hana Nesheim  
Benedicte Carlsen (personleg vara for O. Osland)  
Eivind Brendehaug (personleg vara for H. Dannevig)

### Dagleg leiing

Direktør Merete Lunde  
Kontorleiar Bjørg Haukereid

### Miljøgruppa

Forskingsleiar Carlo Aall  
Gruppeleiar Hans Jakob Walnum

### IT-gruppa

Forskingsleiar Ivar Petter Grøtte  
Gruppeleiar Svein Ølnes

## PERSONALE

Rajendra Akerkar, forskar  
Otto Andersen, forskar  
Marta Baltrusiewicz forskar  
Eivind Brendehaug, forskar  
Hilde Corneliussen, forskar  
Halvor Dannevig, forskar  
Deborah Davies, forskar  
Carol Azungi Dralega, forskar  
Agnes Brudvik Engeset, forskar  
Guttorm Flatabø, forskar  
Ida Marie Gildestad, trainee  
Kyrre Groven, forskar  
Ivar Petter Grøtte, forskingsleiar  
Stefan Gössling, forskingskoordinator  
Bjørg Haukereid, kontorleiar  
Marit Haugan Hove, trainee  
Idun A. Husabø, forskar  
Bård Huseby, forskar  
Torunn Gauteplass Hønsi, forskar  
Hanna Kvamsås, forskar  
Øyvind Heimset Larsen, forskar  
Merete Lunde, direktør  
Karen Richardsen Moberg, forskar  
Zuzana Nordeng, forskar  
Lin Prøitz, forskar  
Anne Lise Uglum Skaar, informasjonsmedarbeidar  
Torkjel Kristiansen Solbraa, forskar  
Hans Jakob Walnum, forskar  
Svein Ølnes, forskar  
Carlo Aall, forskingsleiar

## STYRET SI MELDING

Vestlandsforskning er eit av dei samfunnsfaglege institutta i Norge og er lokaliserte i Sogndal i Sogn og Fjordane. Instituttet er eit regionalt forankra forskingsinstitutt på den internasjonale FoU-arenaen og leverer kunnskap som møter samfunnsutfordringar og bidreg til innovasjon og berekraftig utvikling. Vi formidlar kunnskap og arbeider for at ny kunnskap vert teken i bruk. God vitenskapleg publisering på internasjonalt nivå, produksjon av kunnskap som er relevant for brukarar nasjonalt, regionalt og lokalt, og langsiktig kompetansebygging er avgjerande for instituttet si kvalitetsutvikling og konkurranseevne. Instituttet hadde i 2016 ein årsomsetnad på om lag 27 mill. kroner, og det er utført 23,4 årsverk ved instituttet, av desse 20,4 forskarårsverk. Tre tilsette har professorkompetanse, 12 personar har doktorgrad og to tilsette er i doktorgradsutdanning.

Instituttet har ein tverrfagleg profil, og forskingsområda er klima og miljø, reiseliv og teknologi og samfunn. Instituttet har lange tradisjonar med internasjonalt forskingssamarbeid, i tillegg til regionale og nasjonale forskingsoppdrag. Vestlandsforskning held til ved Fosshaugane Campus i eit aktivt og innovativt miljø med både forskning, utdanning, idrett og entreprenørskap.

I første halvdel av 2016 vart det arbeidd med å etablere ny strategi for instituttet for perioden 2016 – 2020. Vi gjekk inn i 2016 med viktige strategiske utfordringar som det har vore prioritert å levere på: 1) storleik/rekruttering, 2) vitenskapleg publisering, 3) formidling/ kommunikasjon, 4) oppretthalde EU-forskinga og 5) samarbeid og arbeidsdeling med andre FoU-miljø.

Forskningsrådet har i 2016 gjennomført ei evaluering av dei 22 samfunnsvitenskaplege institutta i Norge. Forskningsinstitutta sin relevans, kvalitet og behov for strukturendringar vart evaluert, og det er gitt anbefalinger både til regjeringa, Forskningsrådet og institutta. Utvalet si vurdering og anbefalingen til Vestlandsforskning var: "*Western Norway Research Institute is an excellent example of a regionally anchored institute that plays an important part in the development of its region's economy and higher education system. Its performance is good in terms both of quality and relevance. It has a differentiated role in the Norwegian institute system. The main limit to growth is the size of the region. The likely mergers in local and regional government will, on the one hand, increase the extent of the market it could address but on the other also expose it to greater competition. Its track record and continued ability to attract funding from EU framework programmes contributes to the special profile of the institute. Somehow this organisation with a particular location and specialisations has managed to find both regional niches and role in the European R&D space. It should continue on the basis of its existing strategy.*"

## Prosjektaktivitet

Instituttet hentar i snitt 85% av inntektene gjennom forskingsoppdrag, og prosjektarbeid er kjerneaktiviteten ved instituttet.

### Klima og miljø

**Prosjekt:** I 2016 har det vore oppstart av fleire større og langsiktige forskingsprosjekt, både delfinansiert av Forskningsrådet, Regionalt Forskningsfond Vestlandet (RFF-Vest) og EU-program. Dette er blant anna følgjande prosjekt: 1) Grøn klimaomstilling, 2) tilpassing til forsuring av kystområda, 3) Karbonbinding skogsjord, 4) Fleirbruk av utmark og 5) berekraftig byturisme. Det er i 2016 etablert tre nye forprosjekt med midlar frå RFF-Vest (2 stk) og Enova: 1) klimaendringar og toksikologi, 2) grønne offentlege innkjøp og 3) smarte energisystem. Instituttet har og blant anna blitt engasjert av SIMAS i et transportprosjekt på returtre, og av Digital Etikett om risikovurdering av kjemikalier i digital matemballasje.

I tillegg til å arbeide på prosjekt og dokumentere resultat i vitenskaplege journalar er etablering av nye prosjekt ei viktig oppgåve, og det har vore prioritert ressursar til dette arbeidet.

**Internasjonal FoU:** I 2016 har det vore stor aktivitet på det EU-prosjektet HOPE (Household Preferences for reducing greenhouse gas emissions in four European high income countries). Det er gjennomført om lag 60 intervju av hushald i Bergen. Det har vore arbeidd med fleire nye EU-initiativ innanfor klima og miljø.

**ph.d.:** I 2016 disputerte Geoffrey Gilpin for ph.d. graden ved Norges miljø- og biovitenskaplege universitet (NMBU) med avhandlinga: «The environmental life cycle assessment of selected 1st through 3rd generation biofuels within the context of sustainable development». Kandidaten er no tilsett ved Høgskulen på Vestlandet Campus Sogndal.



**Master i «Climate Change Management»:** I 2016 starta landets første masterutdanning som kombinerer reduksjon av klimagassar og tilpassing til klimaendringar, og Vestlandsforskning har vore med på utforminga av studiet og bidreg med forskningsbasert undervisning i studiet. Forskarar ved instituttet underviser og i kursa for etterutdanning på området.

**FoU-senter for berekraftig klimatilpassing:** Vestlandsforskning har i 2016 tatt initiativ til å etablere eit nasjonalt FoU-senter for berekraftig klimatilpassing i Sogn og Fjordane, og det vert arbeidd vidare med dette i 2017.

### Reiseliv

Instituttet har hatt ei strategisk satsing på reiseliv over fleire år. Omfanget av reiselivsforskinga er på eit tilfredsstillande og høgt nivå, og det er etablert eit nært og konstruktivt samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane på fagområdet. Strategien har vore å 1) praksisorientere forskinga og 2) kunnskapsorientere næringa og den offentlege forvaltninga, og på den måten få nytte av og skape verdiar av ny kunnskap generert frå forskningsaktivitetar.

**Reiselivsprogrammet:** I 2016 har det vore stor aktivitet på strategisk forskingsprogram for innovasjon og verdiskaping i reiselivet i Sogn og Fjordane. Dette er ei historisk stor satsing på reiselivsforsking i fylket og satsinga er finansiert av Sogn og Fjordane fylkeskommune, Innovasjon Norge, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og ei rekke reiselivsaktørar i fylket. I satsinga har det blant anna vore arbeidd med effektar i reiselivet av sosiale mediar og ratingsystem, og korleis klimaforandringar påverkar vilkåra for vinterturisme på Vestlandet. Målet med det femårige programmet er å utvikle eit forskingsmiljø og utdanningstilbod ved Vestlandsforskning og høgskulen på internasjonalt nivå, der fagmiljøet er eit konkurransefortrinn for reiselivet i Sogn og Fjordane.

**Prosjekt og nettverk:** Det har i 2016 vore arbeidd med å etablere eit klyngeprosjekt «Nettverk helse og friluftsliv» med Campusmiljøet og regionalt næringsliv. Andre prosjekt innan reiseliv har blant anna vore på verdiskaping rundt hyttebygging, vandring, cruise og kvalitetssystem i reiselivet. I 2016 avslutta Vestlandsforskning eit stort forskingsprosjekt om vilkår for integrering av berekraftomsyn i reiselivspolitik. Vi har hatt to gjesteforskarar knytta til instituttet i 2016; Daniel Scott, University Research Chair in Climate and Society, Canada, og Peter Varley frå University of Highlands and Islands i Skottland. Sistnemde er tilsett i ei fellesstilling mellom Vestlandsforskning, HiSF og Bratt Moro.

### Teknologi og samfunn

**Digitaliseringsfylket Sogn og Fjordane:** På IT-området har det i 2016 vore arbeidd vidare med å posisjonere Sogn og Fjordane som Digitaliseringsfylket Sogn og Fjordane saman med Difi og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og kommunane i fylket. Vestlandsforskning har delteke i fleire møte og hatt hovudansvaret for fleire søknader. Prosjektet Digitaliseringsfylket vil bli eit stort løft for kommunane i Sogn og Fjordane i samarbeid med statlege etatar. Det har og vore aktivitet på RFF-Vest-prosjektet om smartare og meir effektive rapporteringsløysingar, der fleire kommunar i fylket deltek.

**Velferdsteknologi:** I 2016 har vi lukkast med å etablere fase 3 i fylkesprosjektet for velferdsteknologi i kommunane i Sogn og Fjordane med fornyingsmidlar frå Fylkesmannen. Den strategiske satsinga på velferdsteknologi starta i 2014. Det er stor interesse i kommunane og andre offentlege etatar for vår kompetanse på velferdsteknologi, og kommunane er no med i ulike rollar i prosjektet. I 2016 har det vore arrangert konferanse i velferdsteknologiprojektet med 120 deltakarar frå 20 kommunar. Prosjektet blir drive i samarbeid med IT-forum Sogn og Fjordane. Prosjektet har gitt resultat i form av nye nettverk og samarbeid med regionale aktørar, og i 2016 har det vore nasjonal interesse for aktiviteten i fylket. Vi koplar fylkesprosjektet til eit internasjonalt prosjekt som omhandlar innovasjon i offentlig sektor (IMPROVE) som starta i 2015. Prosjektet skal studere dette i seks ulike regionar i Irland, Storbritannia, Island, Sverige, Finland og Norge i 2015 - 2018. Vestlandsforskning skal studere innovasjon i samband med velferdsteknologi og e-helse i Sogn og Fjordane. Prosjektet gir utveksling av kunnskap over landegrensar og skal gi nyttig ny kunnskap for å auke innovasjonstakta i offentlig sektor.

**IT-forum:** IT-forum er ein viktig plattform for samarbeid i regionen. Forumet er ein viktig arena for nettverk, strategiutvikling og prosjektsamarbeid med regionale styresmakter, kommunar, næringsliv og andre organisasjonar i fylket. Vestlandsforskning har også i år hatt sekretariatet i IT-forum. Vi har også i år utforma søknadar om nasjonal støtte til breiband frå Nkom for fylkeskommunen og har gjennom dei tre siste åra henta inn nesten 90 mill kr i statlege midlar, mest av alle fylke i landet. Vi har hatt suksess med finansiering av prosjekt (2-årig prosjekt med start i 2016) for utvikling av studietilbod for næringsretta IT-utdanning i Sogn og

## Årsmelding 2016 - Vestlandsforskning

---

Fjordane, og vi har mobilisert for oppretting av ein studieplankomite for studiet. Det er registrert stor interesse for etablering av ei IT-utdanning i næringslivet. Målsetjinga er etablering av ei bachelor-utdanning, og studiet skal anten ligga i Sogndal eller Førde avhengig av innhaldet i studiet.

**Innovasjon:** Gjennom blant anna Forskningsrådet sitt VRI-program (verkemiddel for regional innovasjon) har vi samarbeid med næringslivet om relevante tema. Vi deltek i arbeidet med forskningsbasert innovasjon; der forskningsresultata utgjer grunnlaget for eller forbetrar kvaliteten på praksisendringane. Vi deltek også som forskarar inn i innovasjonsprosessar med forskarmedverknad, ved å fange opp og kvalitetssikre ekstern kunnskap og idéar, løyse problem og støtte beslutningar, dokumentere effektar og risiko, spreie kunnskap, utnytte internasjonale nettverk og kompetanse for endring. Vi forskar også på sjølve innovasjonssystema gjennom deltaking i Forskningsrådet sine VRI forskarprosjekt i 2016.

Vi har i 2016 fått gjennomslag for søknad om «Nordic Centre of Excellence» saman med Uppsala Universitet i Sverige og Tampere Universitet i Finland på prosjektet "Beyond the Gender Paradox". Senteret får ei 5-årig finansiering på i alt min. 20 mill. kr frå NordForsk (Nordisk ministerråd), og Vestlandsforskning sin del er om lag eitt årsverk pr. år i perioden. Senteret skal studere paradokset om fravær av kvinner i teknologi-innovasjonar og -entreprenørskap.

**Ny IT-teknologi:** Eit tema for framtida er Bitcoin og blokk-kjede-teknologi der Vestlandsforskning har vore mykje brukt foredragshaldar om emnet i året som gjekk. Vestlandsforskning arbeider her særleg med å få fram korleis denne teknologien kan nyttast i offentleg sektor.

Vestlandsforskning har bygd opp kompetanse på stordata sidan 2009, og vi er med i nasjonale og internasjonale forskarnettverk. I 2016 har vi hatt aktivitet på å forsterke forskingsgruppa på Big Data, samt etablere EU-prosjekt med internasjonale partnarar. I 2016 lukkast vi med å få finansiering frå Forskningsrådet sitt program som skal bidra til å etablere partnerskap mellom norske utdanning- og forskingsinstitusjonar og framstående fagmiljø i pririterte land utanfor EU/EØS, med særleg vekt på kopling mellom utdanning og forskning, og med næringsliv viss relevant. I prosjektet "Transnational Partnership for Excellent Research and Education in Big Data and Emergency" skal vi samarbeide med tre partnarar i Japan og tre i USA i åra som kjem.

**Internasjonal FoU:** Det har i 2016 vore stor aktivitet på det internasjonale forskingsprosjektet EmerGent, finansiert av EU sitt 7. rammeprogram for FoU. Dette er eit samarbeid mellom partnarar frå Tyskland, Italia, Luxemburg og Storbritannia, og studerer sosiale mediar si rolle i krisesituasjonar.

H2020 initiativ i 2016 har vore på berekraftig landbruk (stordata), transport (stordata), dataspel («gaming»), beredskapsplanlegging (stordata), velferdsteknologi. Alle med regionale partnarar på brukarsida. Fleire av søknadane har vore over terskelverdi for finansiering, men vi har ikkje lukkast i å nå opp i konkurransen om H2020 prosjekt i 2016. Ein EU-seniorrådgjevar er på plass frå hausten 2016 finansiert av Utviklingsavtale mellom Vestlandsforskning, HiSF og Sogn og Fjordane fylkeskommune (2016 – 2019).

### Samarbeid

Instituttet skal dekke eit regionalt og nasjonalt behov og inngå i hensiktsmessig arbeidsdeling med andre nasjonale og internasjonale FoU-miljø innanfor våre forskingsområde. Instituttet har gjennom fleire år etablert eit stort nettverk av FoU-samarbeidspartnarar og andre, både internasjonalt, nasjonalt og regionalt. Det er også etablert eit godt regionalt samarbeid med andre aktørar, både gjennom IT-forum og det regionale samarbeidet på klimaområdet. I 2016 har vi hatt samarbeid med nasjonale offentlege etatar og næringsliv blant anna i samband med den nasjonale klimatilpassingskonferansen i Sogndal og i arbeidet med nasjonal breibandstrategi og digitalisering (KMD og Difi). Samarbeidet med NCE Tourism har og utvikla seg i løpet av året.

Høgskulen i Sogn og Fjordane har vore ein viktig samarbeidspartnar for instituttet også i 2016, og saman med høgskulen utgjer vi FoU-miljøet i Sogn og Fjordane. Vi har blant anna samarbeida om strategisk reiselivsprogram, klimamasterstudiet, utviklingsavtalen med fylkeskommunen, IT-utdanning, samt i fleire FoU-prosjekt og med etablering av nye prosjekt. Det har vore dialog om fusjonsprosess og timeprisar. Det har vore møte mellom direktør og rektor, viserektor og dekanar ved HiSF om samarbeid (rammer og praksis).

Dei regionale forskingsinstitutta (organisert i FOKUS) har også vore ein viktig samarbeidspart for instituttet på administrativt nivå og innan forskingspolitikk. Vinteren 2016 utførte FOKUS-institutta ei utgreiing av moglege samarbeidsformer, og fire av institutta har arbeidd vidare med dette utan at Vestlandsforskning valde å vere med. Vi har også hatt FoU-samarbeid med dei regionale institutta i 2016, blant anna Nordlandsforskning.

Vi er engasjerte i planane om etablering av eit Vitensenter og demobygg på Kaupanger, og såleis følgt opp og lagt til rette for samarbeid med næringsliv med interesse for blant anna smarthusteknologi, velferdsteknologi, energieffektivisering, og samarbeid med skulane/fylkeskommunen.

### Publisering og formidling

Det er prioritert ressursar til vitenskapleg publisering i 2016, og det har vore prioritet på forskingsformidling. I 2016 kom vi opp i 29,83 publiseringspoeng totalt ved instituttet. Av desse er 21,01 poeng knytt til forskarar på miljøgruppa og 8,82 poeng til forskarar på IT-gruppa. I gjennomsnitt oppnår me 1,46 publikasjonspoeng pr. forskarårsverk. Det er produsert tre bøker ved instituttet i 2016:

- 1: Santarius, Tilman, Walnum, Hans Jakob og Aall, Carlo (eds.): Rethinking Climate and Energy Policies: New Perspectives on the Robound Phenomenon
- 2: Akerkar, Rajendra; Sajja, Priti Srinivas: Intelligent Techniques for Data Science. Springer 2016 (ISBN 978-3-319-29205-2) 272 s.
- 3: Hall, C.M. and Gössling, S. (eds.) Food Tourism and Regional Development. Networks, products and trajectories. Routledge, London 2016

Det har vore arbeidd med kompetanseheving på formidling. Våren 2016 vart det gjennomført eit seminar om forskingsformidling av Forsking.no i Sogndal, og hausten 2016 var forskingskommunikasjon tema på personalseminar, med innleiarar både frå Forskingsrådet, Nordlandsforskning og ein frilansjournalist. Det vart arbeidd med prioritering av tiltak på strategien og kvar enkelt arbeidd med tekstar.

Fleire forskarar har vore i media med både kronikkar, artiklar og intervju. Eksempel på saker er: Carlo Aall: Er kommunesamanslåing dårleg for miljøet?, Idun Husabø: Difor blir nye hus råka av flaum, Marit Haugan Hove: Du har velferdsteknologi i lomma di, Eivind Brendehaug: Det finst grenser for allemannsretten.

Forskarane har gitt fleire intervju til både avis, radio og TV. Aktiviteten på HOPE-prosjektet bidrog til at Vestlandsforskning var med på eit P3 NRK TV program ("Skyldig, jeg?») der Vestlandsforskning bidrog med ekspertkunnskap om korleis filmens hovudperson kan legge om livet sitt til å redusere klimagassutslepp i storleik 75%. Programmet blei vist på NRK 1 og 2 hausten 2016.

Det har vore gjennomført dialogmøte med Forskingsrådet der vi la fram presentasjonen: «Sett frå eit forskingsperspektiv og eigne strategiar, kva forskingsområde har potensial for å styrke regional utvikling og innovasjon i regionen». Det er halde foredrag under Jon Bing minneseminar om Bitcoin og blokk-kjedeteknologi og potensialet teknologien har i offentleg sektor. Dette var også tema under ein konferanse arrangert av Nordstella hausten 2016. Vi har delteke i møte både med leiinga og fag-gruppene hos Vegvesenet Region Vest og holdt foredrag om klimaendringar, klimatilpassing og vegtransport, og vi har delteke i regional plankonferanse i Mode med foredraget: «Hvorfor får vi naturskader? En gjennomgang av sammenhengen mellom arealplanlegging og naturskadehendelser». Forskarar ved instituttet halde fleire foredrag under den nasjonale klimakonferansen i Sogndal i 2016, og vi var medarrangør av nordisk klimakonferanse i Bergen i august og presenterte ulike FoU-prosjekt der. I tillegg har vi delteke på ei rekke andre regionale, nasjonale og internasjonale arenaer med vitenskaplege innlegg.

Instituttet har vore representert både ved 20-årsjubileet til Bokbyen i Fjærland, og ved 25-årsjubileumskonferanse for Bremuseet, der direktøren orienterte kronprinsen om klimaarbeidet ved instituttet.

Under Forskingsdagane hausten 2016 arrangerte vi ulike aktivitetar og publiserte fleire kronikkar.

### Internt arbeid

I 2016 er det rekruttert to traineear og tre forskarar, og ein forskar er tilbake i arbeid etter permisjon. Det har vore prioritert ressursar til introduksjonsprogram for dei nytilsette og prosjekt for intern kompetanseoverføring. Sosiale fellesaktivitetar vorte prioritert og gjennomført gjennom Tastaturlaget og på gruppe- og personnivå. Instituttet har fadderordning for dei nytilsette, og mentorordning for dei to traineeane.

Instituttet hadde i 2016 ein årsumsetnad på om lag 27 mill. kroner, og det er utført 20,4 forskarårsverk. Ved utgangen av året var det 29 tilsette ved instituttet, herav 26 forskarar og 3 administrativt tilsette. Det er 37% kvinner i fagstillingane, medan kvinner utgjør 45% av medarbeidarane totalt. Av dei vitenskaplege tilsette har 12 personar doktorgrad, og tre av desse har professorkompetanse. Ein person disputerte med sitt doktorgradsarbeid utført ved instituttet hausten 2016, og det vert arbeidd med å skaffe finansiering til nye ph.d.-løp ved instituttet. To personar er i avsluttande fase av sitt doktorgradsarbeid. Det har vore tilsetting i ei bi-stilling på IT-gruppa første halvår i 2016 og det har vore ein forskar i bi-stilling på miljøgruppa. To gjesteforskarar har vore tilknytte instituttet i 25% og 20% på området reiseliv. Ein av forskarane ved Vestlandsforskning er i 2016 tilsett i ein 20% stilling som professor i berekraftig utvikling ved HVL.

Det vert lagt til rette for fleksibel arbeidstid, høve til redusert stilling og fleksibilitet i arbeidet med heimekontorløysing. Vestlandsforskning har i 2016 hatt eit sjukefråvær på under 4%. Det har vore to langtidssjukemeldingar. Instituttet arbeider for eit godt arbeidsmiljø og for å førebygge sjukefråvær gjennom HMS-og IA-arbeid, internseminar og bedriftsidrettslag. Vi skal vere ein arbeidsplass der medarbeidarane har rom for utvikling av seg sjølve og kollegiet til beste for instituttet. Det er eit mål å legge til rette for at ein kan kombinere forskarkarriere ved instituttet med familieliv på ein god måte. Den årlege vernerunden vart i 2016 utført som ei nettbasert arbeidsmiljøkartegging av det fysiske og psykososiale arbeidsmiljøet på same måte som i 2013 og 2015. Resultatet viser at score for trivsel og motivasjon er høgt og er uendra siste år. Det har vore gjennomført kurs i førstehjelp og ergonomi i 2016.

Det vert arbeidd med ny pensjonsordning, plassering av fondsmidlar og det har vore arbeidd med ny strategi for 2016 – 2020. I 2016 er det prioritert ressursar til nettverksbygging med mål om FoU-oppdrag. Det er vidare prioritert ressursar til publisering, arbeid med nye nettsider og personalseminar om forskingskommunikasjon. Dei nye nettsidene vil bli klare i løpet av våren 2017.

### Styret sitt arbeid

Det har vore gjennomført fem styremøte i 2016. Styret har prioritert arbeidet med ny strategi og oppfølging av strukturendringar i UH-sektor og regionreform.

### Avsluttande kommentar

Styret er godt nøgd med aktiviteten ved instituttet i 2016, der strategien for 2016 – 2020 er følgt opp med å tilsette fleire forskarar.

Det er god prosjektinngang og god måloppnåing i høve relevans og vitenskapleg publisering, instituttet har i løpet av året komme over målalet på 20 forskarårsverk, formidlingsaktiviteten har vore god og EU-arbeidet prioritert. Vidare er styret nøgd med drifta ved instituttet. Trass i stramme økonomiske vilkår og auka konkurranse i oppdragsmarknaden, samt tilsetning av fem nye medarbeidarar, har instituttet også i 2016 oppnådd eit positivt økonomisk resultat. Styret er oppteken av trygg økonomi som gjer det mogleg å satse framover.

I 2016 har det vore fleire strukturendringar i UH- og i instituttsektoren. Høgskulen i Sogn og Fjordane har i 2016 fusjonert til Høgskulen på Vestlandet (HVL). Det er viktig for Vestlandsforskning å sikre vår posisjon og våre fag og ha FoU- samarbeidspartnar i regionen for å sikre eit sterkt fagmiljø i Sogn og Fjordane. Instituttet bør halde fram med å ha tett dialog og samarbeid med høgskulen, og fortsette arbeidet med å få til ei god arbeidsdeling. Vi bør saman styrke fagområda på strategisk viktige område for FoU-institusjonane i Sogn og Fjordane.

Vestlandsforskning har ei rekke FoU-samarbeidspartnarar og eit stort nettverk. Styret meiner at samarbeid og arbeidsdeling med andre FoU-miljø vert viktig framover. Vidare meiner styret at det er viktig å halde fram med å prioritere den internasjonale aktiviteten i form av samarbeid med sterke internasjonale fagmiljø og deltaking i internasjonalt finansierte prosjekt, både EU-finansierte og andre. Gjennom blant anna VRI-prosjektet er det etablert samarbeid med næringslivet om relevante tema. IT-forum er ei viktig plattform for samarbeid i regionen. Det er også nettverket i regionen som er etablert rundt arbeid med klimatilpassing og –omstilling.

Styret meiner det er viktig å investere i fagleg utvikling i instituttet og oppretthalde talet på forskarar. Nøktern økonomisk drift og viktige basisløyvingar frå Norges Forskningsråd og Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev handlingsrom for faglege satsingar og er avgjerande for ei positiv utvikling av instituttet. Langsiktig og målretta fagleg satsing på samfunnsaktuelle tema, kombinert med god dialog med lokale, regionale og nasjonale oppdragsgjevarar, gjer at styret meiner dei strategiske måla har vore realistiske. Styret meiner det er viktig å halde fram det gode arbeidet med å gjere instituttet meir synleg både for andre fagmiljø, styresmakter og samfunnet elles ved å formidle frå forskinga vår og kva vi kan tilby av kompetanse.

Vestlandsforskning har i mange år hatt ei viktig rolle i Sogn og Fjordane som kunnskapsleverandør, nettverksbygger og som strategisk partner for fleire regionale aktørar. Styret meiner det er viktig at Vestlandsforskning tek ei rolle for heile Vestlandsregionen i tillegg til ei rolle for Sogn og Fjordane og for det lokale miljøet på Fosshaugane Campus. Det går mot større einingar og eit større Vestland. Vestlandsforskning må finne ein posisjon i det nye landskapet. Vi må halde eit vakent blikk på korleis samfunnet og strukturane utviklar seg framover. Vi bør arbeide vidare med å feste vår plass i forskingsinfrastrukturen i Sogn og Fjordane og Vestlandet. Styret meiner Vestlandsforskning er godt budd på å møte nye utfordringar på ein god måte.

# Årsmelding 2016 - Vestlandsforskning

Noter	RESULTATREKNESKAP	2016	2015
6	DRIFTSINNETEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	26 795 763	22 889 092
